



Rolv Eide AS  
Postboks 325  
5343 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/272 - 22/14065

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
23.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/150 Eikanger øvre

**Tiltak:** Lagerhall C  
**Byggjestad:** Gbnr: 212/150  
**Tiltakshavar:** Mittegetlokale Vestland AS  
**Ansvarleg søkjar:** Rolv Eide AS

Kommunen viser til søknad mottatt 11.01.2022 og ettersend søknad om dispensasjon mottatt 04.02.2022.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må avklarast om tiltaket krev samtykke etter arbeidsmiljølova. Kommunen kan ikkje leggja arbeidstilsynet si tilbakemelding for to tidlegare godkjende lagerhallar på eigedomen til grunn for behandling av lagerhall C. Vi har send søknaden over til Arbeidstilsynet for avklaring.
2. Grunnarbeid for del av tomten som ligg innanfor delfelt KBA3 må inngå i søknaden. Ansvarsrett for prosjektering av grunnarbeidet må liggja føre før vi kan gje løyve i eitt-trinn.

Grunnarbeid for del av tiltaket som ligg i delfelt KBA1 er godkjend etablert i rammeløyve gitt i vedtak datert 02.10.2015. Rammeløyvet omfattar ikkje etablering av av vass- og avløpsanlegg for delfelt KBA1. VA-anlegg må og inngå i søknad. Det vert ikkje gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest på lagehallen før det er gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest for planering og infrastruktur.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **31.03.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mittegetlokale Vestland AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN

**Mottakarar:**

Rolv Eide AS

Postboks 325

5343

STRAUME